




EID KOMMUNE

Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO



Vår ref.
04/1291-9/K1-020/TMO

Dykkar ref.

Dato:
08.02.2005

LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - FRÅSEGN

Eid kommunestyre har i møte 3.februar 2005 gjort følgjande vedtak i saka:

KS-002/05 VEDTAK:

1. Eid kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Ein målretta distriktspolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken. **(samr.)**
2. Både oppgåver og verkemiddel som er viktige for ei regional utvikling må liggje på regionalt og lokalt nivå. Det er ein viktig føresetnad at det følgjer både ansvar og mynde med dei oppgåvene ein får. **(samr.)**
3. Eid kommune vil understreke prinsippet om nærleik – at offentlege avgjerder vert tekne så nært dei det vedkjem som mogeleg. Alle oppgåver som kommunane kan skjytte bør leggjast til kommunane. **(samr.)**
4. Uavhengig av antall nivå, skal ein vere med og løyse oppgåver og utfordringar som gjer sitt til at det vert produsert gode tenester, utforma likeverdige vilkår og at ein tek i vare det utviklingspotensialet som ligg i dei ulike delane av landet. Vi er ikkje samde i at det å etablere store regionar er ein god veg for å oppnå vekst og utvikling. **(samr.)**
5. I kommisjonen gjer ein òg framlegg om ein modell bygd på regionkommunar som går ut frå felles arbeidsområde for fleire primærkommunar. Dette kan vere ein interessant modell, ikkje minst fordi det kan kombinerast med den kommunestrukturen vi har i dag. Det treng ikkje vere naudsynt med eige politisk styringssystem med eige folkevalt organ og eige budsjett. Ein kan heller vidareutvikla og styrkje arbeidet gjennom regionråda og gjere dette samarbeidet meir forpliktande. Det kan vurderast om ein kan ha faste, pålagte interkommunale oppgåver som kan løysast gjennom ei bestemt organisering. **(vedteke med 19 mot 7 røyster)**
6. Det lokale sjølvstyret må grunnlovsfestas. **(samr.)**
7. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør nyttast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, fagmiljø og kompetanse. **(samr.)**
8. Eid kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si målsetjing om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve i distrikta. **(samr.)**
9. Eid kommune sluttar seg til kommisjonen sitt framlegg om å gjere det enklare å starte foredling og omsetting av lokalt produserte råvarer. **(samr.)**

Postadr.:
Postboks 98
6771 Nordfjordeid
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>

10. Eid kommune støttar kommisjonen sitt krav om at etablering av nye, statlege verksemdar som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstadsområdet. Vi er òg samd i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstadsområdet må halde fram og intensiverast. **(samr.)**
11. Noreg treng ein variert struktur i landbruket og driftsformer som er tilpassa lokale behov og føresetnader i ulike delar av landet.
Landbruket skal ivareta viktige samfunns mål som matvaresikring, busetnad og kulturlandskap.
I samband med den pågåande strukturrasjonaliseringa av volumproduksjon i landbruket, er det viktig at dei som held fram i næringa får behalde effektiviseringsgevinsten.
Eid kommune støttar og kommisjonen si målsetjing om å gjere det enklare å starte foredling og omsetjing av lokale råvarer innafør landbruket.
I samsvar med fleirtalet i kommisjonen bør eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstilskotet til landbruket, t.d. som følgje av nye internasjonale reglar, kanalisert til landbruk og bygdeutvikling. Dersom det ikkje er mogleg bør midlane brukast til andre utviklingstiltak i dei områda som vert ramma. **(samr.)**
12. et bør satsast på forskning og forskning regionalt t.d. knytt til høgskulane i distrikta, må utviklast og vektleggjast. Det kan skje t.d. gjennom at dei regionale forskingsinstitusjonane får grunntilskot tilsvarande dei statlege institutta. Det bør og kome forsøk med regionale forskingsfond i tillegg til dei statlege midlane og dette vert utprøvd i område som har låg forskingsaktivitet, men stor trong for forskning. Dette er i samsvar med fleirtalet i kommisjonen. **(samr.)**
13. Kvinneunderskot har vore og er ein faktor i distriktsproblematikken. Mangel på kvinnearbeidsplassar, ofte som ei resultat av nedgangen i arbeidsplassar i tradisjonelle distriktsnæringar, er ei årsak til det. Tenesteytinga er i vekst. Storparten av denne veksten skjer i større tettstader og byar. Den generelle sterke veksten i privat sektor og det at den offentlege tenesteytinga slit med å oppfylle dei pålegg, krav og forventningar som vert stilte, er kvar for seg og i felles påverknad, ein sterk sentraliserande faktor.
Derfor treng styresmaktene utvikle strategiar for å møte utviklinga og utfordringa som dette sentraliseringspresset er for distrikta. Å ha fokus på kvinnearbeidsplassar bør vere ein del av denne strategien.
Kompetansekreivjande tenesteytande næringar vil ofte vere attraktive for kvinner. Eit fleirtal av studentane på høgskule- og universitetsnivå er i dag kvinner. Derfor vert det viktig å få eit sterkare fokus på kompetansearbeidsplassar, spesielt i dei tenesteytande næringane, i distrikta Dette har hatt lite fokus i verkemiddelapparatet til no.
14. Kultur som næring er i vekst og Eid kommune støttar kommisjonen fullt ut i det synet at forretningsidear på slike område må vurderast innafør den bedriftsretta næringspolitikken på same måte som andre sektorar.

Med helsing



Terje Moldestad
spesialkonsulent
5788 5890

Vedlegg. Særutskrift av 02/05